

**FORSKRIFT OM FOLKEVALDE  
SIN RETT TIL GODTGJERSLE OG  
PERMISJON**



**Seljord kommune**

Vedteken av Seljord kommunestyre 5.september 2019, med verknad frå og med det konstituerande møtet for kommunestyreperioden 2019-2023, 17.oktober 2019.

Revidert i kommunestyret 17. oktober i sak PS 62/19

## **Innhold**

1. Generelt.....	3
2. Skyss- og kostgodtgjersle .....	3
3. EKOM-tenester – telefonordning .....	3
4. Ordfører/varaordfører .....	4
5. Leiar av samfunnsutvalet.....	4
7. Leiar av kontrollutval.....	5
8. Leiar av eldreråd .....	5
9. Leiar av råd for menneskje med nedsett funksjonsevne.....	5
10. Godtgjersle kommunestyre .....	5
11. Godtgjersle medlemmer / vara formannskap .....	5
12. Godtgjersle medlemmer/vara, samfunnsutval og velferdsutval.....	5
13. Godtgjersle administrasjonsutval .....	5
14. Godtgjersle politisk oppnemnte ad-hoc arbeidsgrupper .....	5
15. Godtgjersle ungdomsråd .....	5
16. Møtegodtgjersle andre politisk oppnemnde utval .....	5
17. Dekning av tapt arbeidsforteneste.....	6
18. Dekning av andre utgifter i samband med kommunalt verv .....	6
19. Folkevalde sin rett til permisjon – kommuneloven § 8-10. ....	7

## 1. Generelt

Reglane for møtegodtgjersle, dekning av tapt arbeidsforteneste og av utgifter som vervet fører med seg, samt rett til permisjon, gjeld for alle medlemmer av kommunale utval, styre og råd, samt eventuelt andre som vert valde til å utføre eit politisk verv eller funksjon for kommunen.

Rettane som dei folkevalde har i høve til dette er heimla i lov av 22.juni 2018, nr 83 – kommuneloven, kapittel 8.

Dekning av tapt arbeidsforteneste samt kost- og reiseutgifter, gjeld også for kurs, konferansar og andre gjeremål pålagt den enkelte av eit kommunalt organ eller godkjend av ordførar.

Møtegodtgjersle gjeld berre for fysiske møte der organet er lovleg kalla inn og er samla, men tap av arbeidsforteneste kan krevjast også ved fjernmøte (telefon/video).

Det er den folkevalde sjølv som har ansvar for å krevje sin rett etter reglane i dette reglementet, samt skaffe den naudsynte dokumentasjon for krava sine. Krava skal setjast fram utan opphald, slik at utbetaling kan skje innanfor dei rutinar som gjeld for Seljord kommune.

Møtegodtgjersla, telefongodtgjersla og dekning for tapt arbeidsforteneste er skatte- og rapporteringspliktig.

Er kommunen i tvil om ein folkevald har krav på ei godtgjersle blir spørsmålet lagt fram for formannskapet.

## 2. Skyss- og kostgodtgjersle

Medlemer av folkevalde organ får dekt reise- og kostutgifter i samband med møte og oppdrag for kommunen etter staten sitt reiseregulativ.

Dette gjeld ikkje ordførar sitt daglege oppmøte på kommunehuset.

## 3. EKOM-tenester – telefonordning

Faste medlemmer av kommunestyret, hovudutval og kontrollutvalet får kommunalt nettbrett som skal nyttast i tråd med: 'Avtale om bruk av IPAD til politiske møte'. Folkevalde med kommunal mobiltelefon (ordførar), fylgjer reglement for arbeidsgjevarfinansiert elektronisk kommunikasjon.

## 4. Ordfører/varaordfører

### a. Ordførargodtgjersla.

1. Ordførarvervet svarar til 100 % stilling, med ei årleg godtgjersle lik 80 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.
2. Godtgjersla blir justert if. haustens lønnsoppgjer og med verknad frå det tidspunkt Stortinget vedtek sine godtgjersler.
3. Godtgjersla inkluderer godtgjersle for andre kommunale verv.
4. Ordførar vert meldt inn i pensjonsordninga for kommunalt tilsette og AFP – jf. KS-sak 14/017.  
Ordførar på heiltid har dei same rettane som andre tilsette i kommunen, og dette gjeld ut ein ev. etterlønnsperiode.
5. Ordførar får etterløn i 1,5 månad om vedkomande går over i nytt lønna arbeid, og i 3 månader om vedkomande ikkje går over i anna lønna arbeid. Etterløn skal avkortast krone for krone mot annan inntekt. Etterløn kompenserer også for tap av feriepengar.  
Vert ordførar pensjonist blir ikkje etterløn gitt.
6. Reglane i hovudtariffavtala for kommunal sektor kap. 1, § 10 - Ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring gjeld òg for ordførar. Kommunen teiknar forsikring for dette.

### b. Varaordførargodtgjersle.

Varaordføraren si godtgjersle er lik 20 % av ordføraren si godtgjersle. Dette dekker også møtegodtgjersla i kommunestyret, formannskapet og andre politiske råd, nemnder eller utval varaordføraren er medlem av.

### c. Sjukepengar

Ved sjukdom har ordførar same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen. Varaordførar har rett til si fulle godtgjersle i 3 månader. Etter 3 månader betalar kommunen ut godtgjersle tilsvarande det beløpet kommunen får refundert frå NAV.

## 5. Leiar av samfunnsutvalet

	Leiar får ei årleg godtgjersle lik 33 300 kr som kjem i tillegg til møtegodtgjersle i utvalet

<b>6. Leiar av velferdsutvalet</b>	
	Leiar får ei årleg godtgjersle lik 33 300 kr som kjem i tillegg til møtegodtgjersle i utvalet
<b>7. Leiar av kontrollutval</b>	
	Leiar får ei årleg godtgjersle på 13 320 kr som kjem i tillegg til møtegodtgjersle i utvalet.
<b>8. Leiar av eldreråd</b>	
	Leiar får ei årleg godtgjersle på 5 000 kr som kjem i tillegg til møtegodtgjersle i utvalet.
<b>9. Leiar av råd for menneskjer med nedsett funksjonsevne</b>	
	Leiar får ei årleg godtgjersle på 5 000 kr som kjem i tillegg til møtegodtgjersle i utvalet.
<b>10. Godtgjersle kommunestyre</b>	
	Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret får ei godtgjersle lik 1 110 kr pr. møte
<b>11. Godtgjersle medlemmer / vara formannskap</b>	
	Medlemmer og varamedlemmer av formannskap får ei godtgjersle lik 2 200 kr pr. møte.
<b>12. Godtgjersle medlemmer/vara, samfunnsutval og velferdsutval</b>	
	Medlemmer og varamedlemmer av plan-, teknisk- og miljø utval får ei godtgjersle lik 1 870 kr pr. møte.
<b>13. Godtgjersle administrasjonsutval</b>	
	Medlemmer og varamedlemmer av politiske utval får ei godtgjersle lik 540 kr pr. møte.
<b>14. Godtgjersle politisk oppnemnte ad-hoc arbeidsgrupper</b>	
	Medlemer og varamedlemmer av politisk oppnemnde ad-hoc arbeidsgrupper, får ei godtgjersle lik 780 kr pr. møte.
<b>15. Godtgjersle ungdomsråd</b>	
	Medlemmer og varamedlemmer av ungdomsrådet får ei godtgjersle lik 780 kr pr. møte.
<b>16. Møtegodtgjersle andre politisk oppnemnde utval</b>	
	Andre medlemmer enn dei som er nemnde ovanfor av styre, utval, nemnder m.v. får ei møtegodtgjersle på 780 kr pr. møte.

## 17. Dekning av tapt arbeidsforteneste.

Det vert etter søknad gitt erstatning for tap av inntekt for møte og andre oppdrag på vegne av politiske organ for inntil 7,5 time pr. dag.

Tida er inkludert reise til og frå møtestaden.

Hovudregelen er at det må ha funne stad eit faktisk tap av inntekt – dvs. trekk i løn/inntekt. På line med faktisk tap av inntekt blir også rekna når heimearbeidande, studentar, pensjonistar og frilansarar må forsøme sine vanlege gjeremål for å utføre vervet. Pensjonistar må dokumentere faktisk tap av inntekt.

Folkevalde som er lønsmottakarar må legitimere ev. tap med stadfesting frå arbeidsgjevar. Folkevalde med ytingar frå NAV vert rekna på line med lønsmottakarar.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekkja tap i arbeidsinntekt etter eiga fråsegn. Skatteoppgjer blir krevd ein gong pr. år - gjeld for etterfylgjande år, og årsinntekta blir dela på 230 dagar, og timegodtgjersla vert rekna etter 7,5 timar pr. dag (1 725 årstimar). Årsinntekta blir rekna ut frå punkt 2.7, summen av næringsinntekter i skatteoppgjeret.

Folkevalde i ulønna arbeid (heimearbeidande, studentar, og frilansarar) får ulegitimert sats når dei forsømmer sine vanlege gjeremål for å utføre vervet. Dette gjeld også deltidsarbeidande lønsmottakarar og deltidsarbeidande sjølvstendige næringsdrivande på deira heimearbeidsdagar. Ein må sannsynleggjere å ha forsømt sine vanlege gjeremål ved å erklære dette i søknaden.

Det vert som hovudregel ikkje gjeve dekning for tapt arbeidsforteneste mellom kl 16.00 og 08.00 samt for helg og høgtider. Det er den som har tapet som pliktar å dokumentere sitt faktiske tap, t.d. tapt inntekt gjennom trekk i løn.

a. Legitimert tap av inntekt, inntil 350 kr pr. time eller maksimalt 2 625 kr pr. dag

b. Ulegitimert tap i arbeidsinntekt: inntil 264 kr pr. time, avgrensa til maksimum 1 980 kr pr. dag.

## 18. Dekning av andre utgifter i samband med kommunalt verv

Til dømes barnepass, vikar, omsorgsarbeid o.l.

Til dekning av naudsynte legitimerede utgifter som fylgje av vervet vert det gitt erstatning inntil sats for omsorgsteneste på inntil 170 kr pr. time, maksimalt 840 kr pr. dag.

Dette gjeld normalt ikkje når nære familiemedlemmer tek over omsorgsansvaret (t.d. når den andre forelderen eller andre nære familiemedlemmer ser etter eit barn i staden for den folkevalde).

Der det blir leigd inn vikar eller avløyser kan arbeidsgjevar eller sjølvstendig

	næringsdrivande krevje dekning for utgifter til dette i samsvar med reglane for legitimerede krav.
<b>19. Folkevalde sin rett til permisjon – kommuneloven § 8-10.</b>	
	Folkevalde som har vervet som hovudinntekt – det vil seie ordførar, kan berre få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10 (svangerskap, fødsel, omsorg for born og nærstående i livets slutfase), 12-12 (militærtjeneste) og 12-15 (høgtider i andre religionar). I samband med slik permisjon har den folkevalde same rett til godtgjersle i vervet som for tilsette i kommunen.

### Vedlegg 1 – Tabellvis framstilling av godtgjersler og satsar for kommunestyreperioden 2019-2023

Verv	Gjeldande satsar	%-vis i kr	Avrunda
Ordførar 80% av stortingsrepresentantar si godtgjersle <sup>1</sup>	987 997 kr	790 397,60 kr	790 400 kr
Varaordførar 20% av ordførar si godtgjersle		167 959,49 kr	168 00 kr

Verv	Sats 2019-2023	+11%	Sats 2019-2023 <sup>2</sup>
Leiar av samfunnsutvalet	30 000 kr	33 300 kr	33 300 kr
Leiar av velferdsutvalet	30 000 kr	33 330 kr	33 300 kr
Leiar kontrollutvalet	12 000 kr	13 320 kr	13 320 kr
Leiar eldreråd			5 000 kr
Leiar råd for menneske med nedsett funksjonsevne			5 000 kr
Møtegodtgjersle kommunestyret	1 000 kr	1 110 kr	1 110 kr
Møtegodtgjersle formannskap	2 000 kr	2 220 kr	2 220 kr
Møtegodtgjersle samfunnsutval	1 680 kr	1 864,80 kr	1 870 kr
Møtegodtgjersle velferdsutval	1 680 kr	1 864,80 kr	1 870 kr
Møtegodtgjersle administrasjonsutval	750 kr	780 kr	780 kr
Møtegodtgjersle andre kommunale nemnder og ad hoc utval	700 kr	777 kr	780 kr
Møtegodtgjersle medlemmer av ungdomsråd	700 kr	777 kr	780 kr
Møtegodtgjersle andre politiske oppnemnde utval			780 kr

<b>Tapt arbeidsforteneste</b>	<b>Satsar 2019-2023</b>
-------------------------------	-------------------------

<sup>1</sup> for 2019, 987 997 kr, <https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Representantene/Okonomiske-rettigheter/Lonnsutvikling/>

<sup>2</sup> Avrunda til nærmaste heile 10 kr

Legitimerte krav	Inntil 350 kr pr. time, maksimalt 2 630 kr/ 7,5 timar pr. dag
Ulegitimerte krav	Inntil 264 kr pr. time, maksimalt 1 980 kr/ 7,5 timar kr pr. dag
Omsorgsorgsgodtgjersle	Inntil 170 kr pr. time og maksimalt 840 kr pr. dag